



Sommerro Panorama AS
Osterfjordvegen 124
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/15225 - 20/55864

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:
14.09.2020

Adresseendring frå Kubbaleitet 89 til Kubbaleitet 70 og adressetildeling til Kubbaleitet 72

Administrativt vedtak: Saknr: 919/20

VEDTAK:

Med heimel i Lov nr 101 av 17. juni 2001 om eigedomsregistrering (matrikkellova) § 21 og tilhøyrande forskrift kap.12, og felles kommunale retningslinjer til lovheimelen for kommunar i regionen Nordhordland og Gulen, har Alver kommune gjort følgjande adresse-endring og adressetildeling:

Gnr	Bnr	Brukseining	Vegnavn	Før tildelt	Nytt tildelt husnr
137	66	H0101	Kubbaleitet	89D	70D
137	66	H0102	Kubbaleitet	89D	70D
137	66	H0103	Kubbaleitet	89D	70D
137	66	H0104	Kubbaleitet	89D	70D
137	66	H0201	Kubbaleitet	89A	70A
137	66	H0201	Kubbaleitet	89B	70B
137	66	H0201	Kubbaleitet	89C	70C
137	66	H0301	Kubbaleitet	89D	70D
137	66	H0302	Kubbaleitet	89D	70D
137	66	H0303	Kubbaleitet	89D	70D
137	66	H0101	Kubbaleitet		72D
137	66	H0102	Kubbaleitet		72D
137	66	H0103	Kubbaleitet		72D
137	66	H0104	Kubbaleitet		72D
137	66	H0201	Kubbaleitet		72A
137	66	H0201	Kubbaleitet		72B
137	66	H0201	Kubbaleitet		72C
137	66	H0301	Kubbaleitet		72D
137	66	H0302	Kubbaleitet		72D
137	66	H0303	Kubbaleitet		72D

Då desse adressene endå ikkje er tatt i bruk, har kommunen alt registrert dei nye adressene og adresseendinga i matrikkelen.

Saka gjeld

Det er omsøkt og gitt løyve til bygging av 2 større bustadhus, med 10 bueiningar fordelt på 3 etasjar, på denne eigedommen. Desse bueiningane skal ha tildelt eiga offisiell adresse.

Det var frå før tildelt adressa Kubbaleitet 89A-D til det første store bustadhuset her. Kommunen har vurdert at det er nødvendig med ei omadresseing av dette bustadhuset for å gjera adresseringa i området slik at det skal vera mest mulig forståelig.


Vurdering

Tildeling av adresse er i tråd med retningslinjer for adressetildeling og adresser vert difor tildelt. Vegen som eigedommen har tilkomst frå har adressenavnet Kubbaleitet.

Kommunen har no definert hovudstammen til denne adressevegen til å gå fram til snusløyfe i enden av vegen som går til desse bustadane. Slik vert det partalsadresser på venstre side av denne vegen heilt fram til snusløyfa.

Bueiningane på H02 har egne gateadresser med inngangsdører rett frå inngangsplanet, medan bueiningane i H01 og H03 har ein felles inngang med trappe ned og opp til bueiningane på plan 1 og plan 3. Desse får difor tildelt brukseiningsnummer innanfor inngong med husnummer 70D og 72D. Brukseiningsnummeret vert tildelt frå venstre mot høgre innanfor kvar etasje.

Kartutsnitt som viser plassering av tildelte adresser er tatt inn under.



Eigar er ansvarleg for å merke adressa med godkjendt husnummer-skilt med svarte tal på reflekterande botn (sjå døme) og i nokre tilfeller også eventuelt nødvendig tilvisings-skilt.



Du finn meir informasjon om slike skilt på kartverket sine nett sider:

<https://www.kartverket.no/eiendom/adressering/Kommunen-som-adressemyndighet/adresseveilederen/11-Skilting/113-Adresseskilt-og--merker/1133-Adressenummerskilt/>

Regelverk

- Lov nr 101 av 17. juni 2005 om eigedomsregistrering (matrikkellova) § 21
- Forskrift om eigedomsregistrering (matrikkelforskrifta) Kap. 12.
- Felles kommunale retningslinjer til lovheimelen for kommunar i regionen Nordhordland og Gulen

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/15225

Med vennleg helsing
Alver kommune, Kart og oppmåling

Tommy Veland
Avdelingsleiar

Anngunn Marie Gullbrå
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Sommerro Panorama AS

Osterfjordvegen 124

5914

ISDALSTØ